

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kjerringøy.

Emne: Væving.

Bygdelag: Os.

Oppskr. av: E.Tidemann.

Gard: Strandå

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei, det meste har eg
frå kjerringa som ei tid fanta noko som vevlærar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Den kjerringa er født 11.april 1883, så ho er straks
71 år gammal. No er ho husmor og budeia, og noko tå kvart.

SVAR

Når det vart vevd ty til ytterklede åt menn, vart det
nest allstøtt bruk BOTNVENGTY. Det vart bruk til bukser,
trøyer og vest. Til underklede vart bruk vengty, både
til underbukse og skjorte. No var det nokre som bruk
strikk uldkjorte, og sume skjorte av lerredd. Men det
nest vanlege var halvulds vengty. Ein og annan, ~~WÆLSEZZAZ~~
~~WÆVYXXKXXKXXMXXKJKXXXXXKXXXXX~~ vov underklety
av heiluld, eit slag vadmal. Det vart vevd i to-skjell. Tyet
vart òg nemnd stoff. Både renning og veft til det tyet
måtte vera særleg fint.

2. Til kjole vart det bruk vevd halvuld stoff med særleg
fint garn, og fin veft vevd i fin skei. Det eine måtte
vera etter det andre. Til underskjørt og snørliv vart
bruka same slag ty, men helst med ein annan let, anten
raud, grøn, grå eller liknande.

3. Ty til underkledevar som før nemnd vevd som vengty
eller vart og nemnd stoff. Underbuksa både for menn og
kvinner var av halvuld vengty og allstøtt kvitt, kvit
renning og kvit veft.

Sume av mennene hadde strikk skjorte, uldkjorte, andre
hadde skjorte av lerredd medan nokre hadde skjorte av
same slag ty som underbuksa.

Utever underskjorta hadde så mannen ei undertrøye. Tyet
til den var mønstra halvuld vevd som stof. Sume nemnde
denne trøya for natttrøye. Utever denne hadde så sume
mann ei overskjorte. Tyet til den var halvuld vevd i ru=ta
eller randut mønster som stoff - toskjell. Farga var
for det meste raudt og svart, rututt eller randutt.

b. Kvinnene bruk mykje strikk uldtrøye. Den batt dei
sjølv. Dei som ikkje hadde uld nok måtte klare seg utan
denne uldtrøya. Serken var av kvitt lerredd. Dei fleste
kjøpte dette emnet, men sume vov og då i stoffvevnad.
Ut over serken hadde dei eit snørliv. Det var sydd av
lerredd, kvitt og vevd i stoff. Men dei fleste kjøpte em=net.
Etter dette bruk kvinnene til underkleder: Bukse,
uldtrøye, serk og snørliv. Til ytterklededene må vi vel
rekne kjolen, mellomskjørtet og underskjørtet. Dei fleste
bruka soleis tre skjørt, ~~XMMX~~ iminste til helg og høgtid.
Til kvardags og i arbeid var det for det meste i bruk
berre te skjørt.

4. Sengemheng har det ikkje vore i bruk det eg og mi
kjerring har kjennskap til.

5. Lakenlerredet vart vevd i vanleg stoffvevnad og måtte
vera ~~XXXXXX~~ 27 til 28 tommar breiddt. Til laken vart

då to slike breidde dydd saman. Putevar var sydd av same slag ty som lakenet. Det var sjeldan at det vart vevd sengetepper, dei vart helst hekkla, og då av eit tjukkare garn enn det som vart bruka i ein vev^{ning}

6. Dukar og serviettar vart vevd i dreielsvev med fire skaft og ikring 4½ kvart breid. To slike breidde vart sydd saman til ein duk. Men den som skulle ha serviettar måtte veva dei i særskild vev, for dei skulle vera smalare enn duken. Vidare skulle servietten ha bord på alle fire sidene. Emne både i dukane og serviettane var oftest bomuldsgarn til renning og lin til innslag. Leten var oftest kvit. Men det hende at dei bruka leta innslag i serviettane, men ikkje i dukane.

7. Handkledveven måtte vera ikring tre kvart breid. Til renning vart bruka vanlegt bomuldsgarn og til innslag bomuldsgarn nr. 8 eller 10 alt etter som tyet skulle vera grovt eller tunt. Veven vart vevd med fire skaft, men kunne og bli vevd med tre skaft. Vavinga var KROKVENG eller GASAUGVENG.

8. Åkleda vart bruka på sauskinnfeldane. Til renning vart bruka farga bomuldsgarn nr 20 eller nr 12 eller 16 om det var enkeltgarn. Til innslag var bruka farga uldveft. Vavinga var vanleg stoff. Åkleda var mest alltid rutet. Sume sydde åkledet fast på skinnfelden, andre laga ein stor post av åkledet og stakk skinnfelden inn i. Ein skinnfeld med ~~ÅKK~~ åkled var halde for å vera meir verd enn ein utan åkled. Mange vov teppentrekk på same måten som åkledet, men det kunne òg bli vevd teppentrekk med bomuldsgarn både til renninga og til innslaget.

Noko stadeine namn på ymse vevemåtar har eg ikkje kunnna fått tak i.

II

Stadeigne namn på ymse slag mønster, bordar eller motiv har eg heller ikkje fått tak i

Det tid eg vaks opp bruka kvinnene noko dei nemnde for "oppstøttarband". Skjørtene var side i dei dagane, og skulle ei kvinne ut om dørstokken, ut i skog og mark, vart skjørtene for tunge om beina. Dei "støtta opp" ved å dra skjørta opp over hofta og binda eit band om midje. Dette bandet var OPPSTØTTARBANDET. Desse banda var fingra eller stokka. Slike band bruka karane og til hosband, men hosbanda var noko smalare enn oppstøttarbanda.

Kjerringøy i mars 1954

9157